



Sommaravslutning på Austebygd



Torsdag 13.juni - kl. 18.00
inviterer me barnehageborna og elevane, og foreldre/føresette
til felles avslutning av skule- og barnehageåret 18/19!

Barnehageborn og elevar har først eit lite program.
Deretter blir det mat og sosialt samvær.
Og kanskje blir det litt andre aktivitetar også...?

Det vert ikkje grilling, men kvar familie tek med det dei vil ha av mat +
brus/kaffi .

**Vel møtt til ein triveleg avslutningskveld -
og god sommar til alle når den tid kjem 😊**



Helsing

FAU og alle oss i Austebygd barnehage og Austebygd skule.



**NB! FAU-representantane + vararepresentantane på skulen og i barnehagen
har ansvar for det praktiske rundt arrangementet:**

- Vurder om veret tilseier at ein skal vera ute eller inne
- Rigga til med bord og stolar
- Har hovudansvaret for at det vert rydda opp etter festen.

Kvar FAU-representant ringjer til sin vara – og avtalar kven av dei som skal møta
ca. kl.17.00 for å gjera alt klart til avslutninga, og kven som tek opprydninga etterpå.

**FAU oppfordrar også om at så mange som mulig vert med og ryddar og får alt
på plass etter sommarfesten!**

**Tirsdag 18.juni kl. 19.00 skal 7.klassingane + føresette og tilsette på skulen ha
avslutningsfest for avgangselevane våre.**

**Siste skuledag i 18/19 er torsdag 20.juni. Denne dagen sluttar elevane kl. 11.15,
og skulebussen vert bestilt til dette klokkeslettet.**

Siste skuledagen vert det **tilbod om SFO** frå kl. 11.15, etter vanleg torsdags-
påmelding.

Barnehagen er stengt i veke 29 og 30, og alle barnehageborna tek i tillegg ut 2
ferieveker i forkant/etterkant av desse 2 vekene (som påmeld).

**Onsdag 14.august er første barnehagedag - og torsdag 15.august er første
skuledag til hausten (19/20)- sjå vedlagte skule-/barnehagerute.**